

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
15.06.2022

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Toril Hordvik, Inger Synnevåg

**Varamedlemer:** Linda Skålevik Syslak

**Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Arne Lerøy, Kjell Dahle, Bjørn Helge Olsen

**Møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

F – 13/22 – F – 18/22

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 13/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

Vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

F – 14/22 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 23.03.2022

Vedtak:

*Møteboka frå 23.03.2022 vart godkjent utan merknader.*

F – 15/22 UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

**Anne Dahle Austrheim og Inger Synnevåg**

F – 16/22 ORIENTERINGAR:

- **Kolerakyrkjegarden:** *Orientering om tilbod og kven som har fått tilslaget på utføring av arbeidet. Framdriftsplanen vidare. Kyrkjeverja orienterte om at AU har gått inn for at Jan Hopland får tilslaget på reperasjonsarbeidet av muren rundt kolerakyrkjegarden og at han får tildelt dette oppdraget framfor Haakon Aase. Det er stor prisskilnad mellom dei to tilbydarane. Jan Hopland kjem til å bruka meir maskiner enn Haakon Aase og har samstundes framlegg til løysingar som er enklare (td utjamning av topplag framfor oppbygging). Soknerådet støtta AU sine vurderingar og meiner til liks med AU at hans løysing er tilfredsstillande.*
- **Fjon Fjellkyrkje** – møte om eigarform 24.mai. Det vart orientert frå representantmøtet på Fjon. *Eigarform kan bli «foreining». Vi avventar utfallet av ei liknande sak i Telemark, med ei fjellkyrkje der som har same eigarstruktur som Fjon.*
- **Tenesteytingsavtalen.** *Status for arbeidet. Kyrkjeverja har bedt om eit møte med Thomas Lindås, som er øvste ansvarlege for alle dei kommunale utetenestene. Soknerådet vil at alt av gravstell og gravplassforvaltning skal halda fram med å vera eit ansvar underlagt fellelrådet. Dette er eit viktig punkt i tenesteytingsavtalen som må reforhandlast.*
- **Varmeløysinga i kyrkja:** *Vi treng å fasa ut eswa anlegget som no fungerer dårleg. Kyrkjeverja har fått råd frå bispedømekontoret om å bestilla ein energianalyse. Vi forventar å få tatt ein gjennomgang før sommarferien og skal bruka ein konsulent med base på Austlandet, som har utført tilsvarande jobbar i Meland sokn og for Bergen kyrkjelege fellelråd, med gode anbefalingar.*

SAMORDNINGSAVTALE BJØRGVIN BISPEDØMERÅD OG  
AUSTRHEIM SOKN

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner samordningsavtalen mellom Bjørgvin bispedømeråd og Austrheim sokneråd, slik den ligg føre.*

**Vedtak:**

***Austrheim sokneråd godkjenner samordningsavtalen mellom Bjørgvin bispedømeråd og Austrheim sokneråd, slik den ligg føre.***

Sagt i møtet:

*Soknerådet vil at det kjem opp ei sak til hausten som presenterer HMT arbeidet på kontoret.*

Bakgrunn:

Bjørgvin bispedømekontor har tatt initiativ til å laga ein samordningsavtale mellom bispedømerådet og det enkelte sokn/fellesråd. Avtalen er i 8 punkt og regulerer ansvarsdelinga mellom det enkelte fellesråd og bispedømekontoret på (HMS) HMT området. Den tek opp i seg ansvarsdelinga for eit godt nok arbeidsmiljø, samordning av hmt oppgåver, om vernerundar, om deling av det økonomiske ansvaret ved kompetanseheving, om avvikshandtering som berører begge arbeidsgjevarlinjene, med meir.

Avtalen er eit godt utgangspunkt forå styrka hmt arbeidet lokalt ig vil vera ei hjelp til mindre sokn for å betra rutinane på dette arbeidet. Her vil bispedømekontoret kunna yta oss god bistand. Ulempa med avtalen og med arbeidsmiljølova generelt, er at den i mindre grad tek omsyn til at verksemda vår er lita. Vi har ingen krav på oss til å oppretta arbeidsmiljøutval. Vi kan velja å ikkje ha verneombod. Men vi bør uansett ha på plass ei ordning med årlege vernerundar.

I ei lita verksemd som vår, vil vi fanga opp det meste ved at leiar er tett på den løpande drifta og ved at vi har jamnlege stabsmøter. Vi manglar likevel betre struktur på faste møter med heile staben og ei fast ordning med medarbeidarsamtalar med alle.

Ved at bispedømekontoret tek initiativ til ein slik samordningsavtale, hjelper dei små sokn som Austrheim til å betra våre eigne rutinar på personalarbeidet og på å fokusera på arbeidsmiljøet gernerelt. Kanskje kan ein sjå for seg at bispedømekontoret i ei framtidig og einskapleg organisering av kyrkja, nettopp kan ha slik spesialkompetanse som særskilt vil vera til hjelp for dei minste sokna.

Framlegg til vedtak:

*Saka vert lagt fram for soknerådet utan framlegg til vedtak.*

Vedtak:

***Soknerådet ønskjer det vert etablert eit husstyre og at det skal bestå av folk som brukar huset på jamnleg basis.***

***Framlegg til husstyre:***

- ***1 representant frå songlaget (kyrkjevevja spør)***
- ***Anny Bertelsen (kyrkjevevja spør) – (har sagt ja)***
- ***Nestleiar i fellesrådet/soknerådet (for tida Anne Dahle Austrheim) – (har sagt ja).***
- ***Edvard Bjerkestrand (har sagt ja).***
- ***Kyrkjevevja er fast medlem i husstyret utan å ha leiarrolla.***
- ***Kyrkjevevja kallar inn til første møte.***

***Styret konstituerer seg gjølv.***

Sagt i møtet:

*Soknerådet ønskjer at det vert etablert eit husstyre og at det skal bestå av folk som brukar huset på jamnleg basis. Det kom framlegg om ein frå songlaget. Kyrkjevevja spør. Likeeins kom det framlegg om å spørja Anny Bertelsen. Både Anne Dahle Austrheim og Edvard Bjerkestrand har sagt seg viljug til å vera med i eit slikt styre. Vidare vart det gitt uttrykk for at det er naturleg at kyrkjevevja er med i eit slikt styre utan at han skal ha leiarrolla. Kyrkjevevja kallar inn til første møte.*

Bakgrunn:

Austrheim kommunestyre vedtok for kort tid sidan å følge kommunedirektøren sitt framlegg om å gje soknet 5 nye år med base på kyrkjelydshuset. Det betyr at vi kan halda fram med å ha tilhald her på dei vilkåra vi har i dag; at vi leiger lokalitetane gratis av kommunen, at vi har ansvaret for det indre vedlikehaldet og at vi har rett å ta inn inntekter på framleige til andre.

I samtalar mellom AU og kommunen har vi spelt inn eit ønskje om å få ein tilsvarande avtale på 10 år. Det argumentet har vi ikkje fått gjennomslag for. Argumentet vi brukte var at med ein 10 års avtale ville det vera lettare å få folk til å jobba dugnad. Med ein kortare tidshorisont kan motivasjonen vera mindre, sidan ein kan risikera at huset vert selt ved utgangen av 5 års perioden. Då vil det naturleg nok vera slik at ein vert noko tilbakehalden med dei store påkostningane, så lenge som vilkåra er som dei er. Likevel vil det vera eit behov for å reetablere eit husstyre. Slik tinga er no fungerer kyrkjevevja som ein under middels god vaktmeister. Eit husstyre kan administrera og leggja til rette for heilt naudsynt oppgradering av lokala og kan såleis avlasta kyrkjevevja i den daglege drifta av huset. Det er naturleg at kyrkjevevja er medlem av eit slikt styre, men han må sleppa å vera leiar i dette. Saka vert med dette lagt

fram for soknerådet for vidare drøfting og for å få innspel på konkrete personar som kan engasjerast til eit slikt styre.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
15.06.2022

---

### Tilstades på møtet

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Toril Hordvik, Inger Synnevåg

**Varamedlemmer:** Linda Skålevik Syslak.

### Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Arne Lerøy, Kjell Dahle, Bjørn Helge Olsen

### Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 05/2022 – S 07/2022

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 05/22 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader***

S – 06/22 ORIENTERINGAR:

- Etablera tilbod om open kyrkje sommaren 2022  
Sagt i møtet: *Ein ønskjer å få til ei ordning med open kyrkje denne sommaren. Det vart uttrykt skepsis mot at kyrkja står open utan at det er folk til stades. Dette må annonserast skikkeleg. Gerd, Anne, Helge og Linda har sagt dei kan bidra. Hege Ramsland seier at det er fleire i sogelaget som også kan spørjast om å vera med på dette. Vil ha ei brosjyre som må omsetjast til nynorsk og til engelsk.*
- Framgangsmåte mål og verdiar:  
Sagt i møtet: *Anne har vore i kontakt med Silje Hoaas, som driv mykje med kommunikasjonsarbeid. Ho kan tenkja seg å arbeida saman med soknerådet om dette. Soknerådet er av den oppfatninga at den målsetjinga vi har no virkar for ekskluderande. Vi ønskjer at kyrkja skal vera meir synleg og inviterande. Vi bestemte at AU lagar ein avtale med Silje på første møte i AU i haust, som eit førebuande møte før vi tek dette i soknerådet.*
- Etablera ordning med kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste:  
Sagt i møtet: *Vi vil ha kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste. Klokkar og kyrkjevert tek med seg kvar si kaffe. Det kan kokast meir i kyrkja ved behov. Kjeks, tvist og liknande er nok attåt. Dette kan skaffast inn på førehand. Dette må vera enkelt å organisera.*

S – 07/22 MØTEPLAN

**Framlegg til vedtak:**

*Møteplanen for soknerådet og AU vert sett opp i møtet*

**Vedtak:**

***AU sitt første møte vert tysdag 24.august kl 14.30. Møteplanen for resten av 2022 vert då sett opp. Silje Andvik Hoaas vert invitert inn til slutten av dette møtet.***